



Vinje kommune
Økonomi, plan og utvikling

Det kongelige kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep

0032 Oslo


KOMM. OG REG. DEP
24 JAN 2006
05/3280-48
Ark 661.0
Avd. KO / KØ / HER

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
JMY	05/2479	662/06	230	16.01.2006

Høringsuttale til NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring - Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar

Vinje formannskap har gjeve uttale til høringa. Denne følger vedlagd.

Med helsing


Jan Myrekrok
Plan- og økonomisjef



--

Arkiv saknr:	05/2479
Løpenr.:	14886/05
Arkivkode:	230

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet	12.01.2006	06/3

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

Høyringsuttale til NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring - Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar

Dokument i saka:

NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring – Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar den 10. oktober 2005.

Utkast til høyringsuttale frå regionalt økonomiforum i KS-BTV.

Bakgrunn:

Inntektssystemutvalet blei oppnemnt ved kongelig resolusjon av 3. oktober 2003. Utvalet leverte sin utredning – NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring – Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar den 10. oktober 2005. Utvalet er populært kalla Borge-utvalet, etter leiaren Lars-Erik Borge. Bakgrunnen for at utvalet vart nedsett, var at inntektssystemet skal gjennomgåast og reviderast om lag kvart tiande år.

Trass i at den nye regjeringa varslar at dei vil foreta ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet til kommunane, vurderer ein det som viktig å inngje uttale til denne høyringa.

Hovudpunkta i utgreiinga:

1. Utgiftsutjamning

- Ny kostnadsnøkkel
- Ikkje oppdatering av folketal i innbyggartilskot/utgiftsfordeling
- Fjerning av trekkordning for frittstående skular

2. Inntektsutjamning

- Prognosebasert
- Kompensasjon av skattesvikt (overfører risiko til staten)
- Meirskattevekst vert trekt inn (overfører risiko til staten)

3. Øvrige tilskot

- Redusert skjønnstilskot
- Nytt distriktpolitisk tilskot (regionaltilskotet vert fjerna)
- Overgangsordning erstattast av inntektsgarantitilskot

Telemarksforsking har stått for utrekningane av korleis forslaga frå Borge-utvalet slår ut for den einkilde kommune, samt kommentarane til endringane av nøklane.

Vurdering:

Korleis kjem Vinje kommune ut

Forslag til endringar i kostnadsnøklar er i stor grad basert på statistiske analyser, og kan det difor vere ein del av inntektssystemutvalets utredning som det er vanskeleg å gi høyringssvar til. Det kan vere nyttig å sjå kva endringar i kriterier, som medfører gevinst eller tap for Vinje kommune i forhold til dagens kostnadsnøkkel.

Under er det fordelt gevinst/tap i tabell 1.1, kolonne 3 i NOU 2005:18 ned på dei enkelte kriteria i kostnadsnøkkelen. Kostnadsnøkkelen består av fleire delkostnadsnøklar; grunnskule, sosialhjelp, barnevern, primærhelsetenesta, pleie og omsorg og administrasjon. Det er òg splitta opp gevinst/tap på disse sektorane.

Det er viktig å merke seg at delkostnadsnøkkelen for barnehage ikkje er innarbeida i kostnadsnøkkelen som presenterast i utredninga. Utvalet meiner at ein bør vente med å berekne effekten av "barnehagenøkkelen" til det øyremerka driftstilskotet for barnehagar innlemmast i inntektssystemet.

Utvalets berekningar er gjort på bakgrunn av folketalet pr 01.01.04. Endringar i folketalet etter dette kan påverke fordelingsverknadene. Alle tall presenterast i kroner pr innbyggjar.

Beregningene nedanfor er gjort på grunnlag av rekneark fra Børre Stolp i KS.

Tabell 1. Gevinst/tap ny kostnadsnøkkel

Vinje	Noverande nøkkel	Forslag ny nøkkel	Endring
<i>Kriterium</i>			
Innb. 0-5 år	-76	-54	22
Innb. 6-15 år	555	608	53
Innb. 16-66 år	-90		
Innb. 16-21 år		44	
Innb. 22-66 år		-128	6
Innb. 67-79 år	300	316	16
Innb. 80-89 år	369	371	2
Innb. o/90 år	646	806	160
Sum alders kriterier	1704	1963	259
Innvandrarbarn		208	208
Innvandrarar	-67		67
Barn som ikkje bor hos begge foreldre		-58	-58
Skilte og separerte	-177		177
Arbeidsledige	-16		16
Antall fattige		3	3
Dødeligheit	97		-97
Opphopningsindeks		-179	203
Urbanitetskriterium	-382		
Uførepensjonister 18-49 år		-12	-12
Ikkje-gifte over 67 år	100	250	150
PU over 16 år	493	311	-182
Barn med grunn- og hjelpestønad		-26	-26
PU under 16 år	-98		98
Sum sosiale kriterier	-50	497	547
Sone	824	1585	761
Nabo	584	230	-354
Reisetid	330		-330
Landbrukskriterium	370		-370
Basistillegg	1113	1206	93
Sum busetting og kommunestørrelse	3221	3021	-200
Kostnadsindeks, kr pr innbyggjar	4 875	5 482	607
Dagens tildeling øyremerket morsmål	260	163	-97

Vinje kommune tener kr 510,- pr innbygger på omlegging av kostnadsnøkkelen. Merk imidlertid at denne utrekninga ikkje tar omsyn til overgangsordningar, i tråd med foreslått inntektsgarantisystem vil Vinje kommune bli trekt med kr 161,- pr innbygger i innføringsåret.

Vinje tener på at alderskriteria vektast opp med 5 %. Økt vekt slår positivt ut for kommunar med ein høg del unge eller eldre i befolkninga. Vinje har spesielt ein høg andel eldre innbyargarar, over 90 år.

Vinje tener spesielt på endringar i de sosiale kriteria. Vinje har mange innvandrarbarn, og tener derfor på at dette kriteriet tas inn i kostnadsnøkkelen. I dag får Vinje øymerket tilskot med kr 260,- pr innbygger til opplæring av språklige minoritetar. Ved innlemming skal utgiftsbehovet fanges opp av talet på innvandrarbarn. Andelen elever med minoritetsspråklig bakgrunn er ei ufrivillig kostnadsulempe i tilknytning til grunnskuleundervisning. Dersom det øymerka tilskotet til opplæring av språklige minoritetar skal innlemmast i kommunens rammetilskot er det nødvendig med kriterier i kostnadsnøkkelen som fanger opp variasjonane i kommunanes utgiftsbehov.

Urbanitetskriteriet erstattast av ein opphopingsindeks. Opphopingsindeksen består av kriteria skilte, arbeidsledige og fattige. Styrken til opphopingsindeksen er at den, i motsetning til urbanitetskriteriet, er knytt til underliggende sosiale problem som utløyser behov for sosialhjelp. Vinje tener på denne omlegginga.

Vinje tener på at ikkje-gifte over 67 år får økt vekt i ny kostnadsnøkkel. Vinje taper imidlertid på at ny kostnadsnøkkel gir ein vesentlig lågare vekt på kriteriet psykisk utviklingshemma over 16 år, enn dagens nøkkel. Dette vil isolert sett føre til ein inntektsreduksjon for mange tidligare vertskommunar for HVPU institusjonar. Utvalet legg til grunn at dagens særskilte refusjonsordning for ressurskrevjande brukarar vidareførast og fungerer saman med kostnadsnøkkelen. Ein vesentlig del av de ressurskrevjande brukarane er psykisk utviklingshemma. Det betyr at effekten av nedvekting av psykisk utviklingshemma i kostnadsnøkkelen må sjåast i samanheng med ordninga med ressurskrevjande brukarar.

Busetting og kommunestørrelse har lågare vekt i forslaget til ny nøkkel, enn i dagens nøkkel. I dagens nøkkel veier disse 11 % av total kostnadsnøkkel, mens dei i ny nøkkel vil vege berre 5 % av totalen. Reisetid er tatt ut av kostnadsnøkkelen, som eige kriterium. Utvalet foreslår at kostnadsulempene knytt til kommunestørrelse fangast opp gjennom basistillegg, og at kostnadsulempene knytt til spreidd busetting fanges opp gjennom de såkalla nabo- og sonekriteria. Det er imidlertid fjerning av landbrukskriteriet som medfører tap for kommunen på dette området.

Tabell 2. Gevinst/tap ny kostnadsnøkkel, fordelt på sektorar

Sektorer	Dagens		Ny		Endring
	Dagens kostnadsnøkkel	Ny kostnadsnøkkel	Tillegg/fradrag i utgiftsutj kr.pr.innb	Tillegg/fradrag i utgiftsutj kr.pr.innb	kr pr innb
Administrasjon	1,1357	1,1944	540	555	15
Landbruk/miljøvern	3,4577		413		-413
Skule	1,3490	1,2555	2 745	2 228	-516
Pleie- og omsorg	1,2049	1,2850	1 825	2 665	840
Helse	1,0000	1,2392	0	298	298
Barnevern	0,8858	0,9487	-75	-48	27
Sosialhjelp	0,7094	0,8625	-574	-218	356
Kostnadsindeks	1,1987	1,22194	4 874	5 480	606
Beregning direkte på totalnøkkelen (100% rett utslag):			4 875	5 482	606
Dagens tildeling morsmål m.m for 2005 / ny økt innbyggartilskot			260	163	-96

Tabell 2 viser endring i kr pr innbygger i forhold til ny kostnadsnøkkel, fordelt på delkostnadsnøkklane. Total kostnadsindeks på 1,22194 er høgare enn dagens kostnadsnøkkel, noe som tilseier at Vinje har et større utgiftsbehov enn det som er reflektert i dagens nøkkel.

Vinje har liten endring i administrasjon sjølv om utgiftsbehovsindeksen er høgare enn etter dagens nøkkel. Dette skuldast at administrasjon er vekta ned i totalnøkkelen.

Vinje taper på at delkostnadsnøkkelen for landbruk fjernes. Utvalet har i sine analyser sett på landbruk og miljøvern som ein del av kommunens administrasjonsutgifter. Det har samanheng med at utgifter til landbruk og miljøvern er vanskelig å skilje frå øvrige adm.utgifter i kommunen. Analysane viser ingen robust effekt av kriteria som inngår i landbrukskriteriet.

Størst tap har Vinje, i likskap med mange andre kommunar i Telemark, innan skulesektoren. Denne delkostnadsnøkkel består av kriterier for kommunestørrelse og busettingsmønster, innbyggjarar i aldersgruppa 6-15 år, innvandrarbarn og grunn- og hjelpestønad. Tapet knyter seg i hovudsak til endringar i busettingsmønster og kommunestørrelse. Dette motverkast delvis av at innvandrarbarn tas inn i denne delkostnadsnøkkelen.

Utvalet sitt forslag bygger på dei hovudprinsipp som ein kjenner frå dagens inntektssystem. Målsetjinga har vore å utvikle enno betre kostnadsnøklar, som gjev best mogleg grunnlag for at inntekts- og utgiftsutjamninga skal bidra til utjamning av økonomiske føresetnader for eit likeverdig tenestetilbod i alle delar av landet. Dette må vegast opp mot andre ofte motstridande omsyn, som t.d. svekka lokal forankring i høve til næringsutvikling og skatteinnkrevjing.

Rådmannen meiner at Borge-utvalet har funne ein god balanse mellom utjamning kommunane imellom, og at kommunane framleis treng incitament til næringsutvikling og å utnytte og ha nytte av eigne naturgjevne føresetnader. Økonomiforumet i BTV-samarbeidet har derimot kome med ei tilråding til høyringsuttale som ser ut til å ha likskap i tenestetilbod som einaste fokus. Ein slik innfallsvinkel inneber ein endå sterkare statleg styring av kommunane, som undergrev det likale sjølvstyret. Dette går også langt i å fjerne kommunale incitament for næringsutvikling, og vil omfordele bort føremønene som innbyggjarane i distriktkommunar har for å stille sine naturressursar til rådvelde for storsamfunnet. Vinje kommune kan ikkje stille seg bak ei uttale som undergrev grunnlaget for det gode tenestetilbod som ein i dag har.

Rådmannen vil samla sett tilrå at ein stør hovudkonklusjonane til Borge-utvalet.

Rådmannens framlegg til vedtak:

- | |
|--|
| 1. Vinje kommune stør hovudkonklusjonane til inntektssystemutvalet i NOU 2005: 18. |
|--|

Rådmannen, 04.01.06

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Handsaming i Formannskapet 12.01.2006:

VEDTAK: Samrøystes

Framlegget vart vedteke

- | |
|---|
| Vinje kommune stør hovudkonklusjonane til inntektssystemutvalet i NOU 2005: 18. |
|---|